# Oppfølgingsliste 7/2017

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 31/16 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – rapport (17/617) | 31.05 | Januar 2017<br><br>H-2017 (sjå sak 8/17 og 30/17 pkt. 5b) | Tilråding til FT:<br>1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:<br>a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort.<br>b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)<br>c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv.<br>4. 4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga i FT-sak 12/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen med kopi til bygge- og eigedomssjef 16. juni.<br><br>Frm har rapportert etter oppfølging. KU ber om ytterligare oppfølging, ref. sak 8/17. Vedtaket er sendt til frm.<br>**AVSLUTTA** |
| 8/17 | FR-Vedlikehald av inneklima i fylkeskommunale bygg – oppfølging av vedtak i FT-sak 12/16 | 07.02 | Haust 2017<br>Sjå sak 30/17 pkt. 5b | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2017 til orientering<br>2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 2 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget har bedt om i pkt 3 i vedtaket i FT-sak 12/16.<br>Vedtaket sendt Frm 100217<br>**AVSLUTTA** |
| 19/17 | FR – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune | 26/04 | 31.12.2017 | Vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.<br>b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:<br>i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre<br>ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing<br>c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.<br>d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017<br>FT behandla saka same dag i FT-sak 10/17, og gjorde slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:<br>a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd.<br>b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.<br>c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017 |
| 27/17 | Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune | 30.05 | | Vedtak:<br>1. Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskapen for fellesnemnda.<br>Fylkesordførar varsla om at saka ikkje ville verte lagt fram for FT i denne omgang, då den planlagde saka om regionsreforma heller ikkje vart handsama på dette tingsetet.<br>**AVSLUTTA** |
| 29/17 | FR – Arkiv og offentlegheit - rapport | 30/05 | Januar 2018 | Vedtak:<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**<br>1.Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.<br>2.Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:<br>a.Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017<br>•Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten<br>ii.Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument.<br>iii.Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument.<br>iv.Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.<br>v.Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.<br>vi.Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.<br>vii.Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.<br>viii.Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.<br><br>b.Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017<br>•Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten<br>vi.Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.<br>vii.Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.<br>viii.Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.<br>ix.Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.<br>d.Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.<br>•Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10<br>i.Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.<br>ix.Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.<br>x.Sikre at dei tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 3.Fylkesrådmannen rapporterer til kontrollutvalet gjennomføringa av dei tre hovudpunkta i etterkant av datoane for ferdigstilling av det enkelte hovudpunkt.<br><br>Saka vart handsama 13. juni av fylkestinget, som vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet. |
| 32/17 | Revisorbrev 04/2017 | 29/08 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 04 – 2017 til orientering.<br>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:<br>a. Få på plass eit tilfredsstillande system som sikrar at renter avsett til/ført på dei bundne fonda vert i samsvar med krava til tilskotsgjevar og/eller andre gjeldande retningsliner<br>b. Sette i verk tiltak som sikrar rutinane for avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.<br>c. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.<br>d. Sikre at budsjettvedtak om avsetting og bruk av disposisjonsfond blir vedteke med beløp, og at rekneskapsføring vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine krav.<br>e. Fylkeskommunen må sørge for at budsjettering og rekneskapsføring av ubundne investeringsfond vert gjennomført i samsvar med kommunelova sine kravsamt sikre at kolonnen for regulert budsjett i rekneskapen vert sett opp i samsvar med budsjettvedtak.<br>f. Fortsette arbeidet med oppretting av VPS-konto og VPS Investorteneste for å få lagt fram ekstern dokumentasjon for ihendehavarobligasjonslån og sertifikatlån i framtida.<br>g. Fylkeskommunen må få på plass eit system som sikrar at alle vesentlege balansepostar er avstemt og dokumentert i samsvar med Norsk |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | bokføringsstandard (NBS) nr. 5.<br>h. Fylkeskommunen må for ettertid avstemmer rekneskapen mot aksjeoppgåva, og eventuelt gjer greie for årsaka til avvik mellom nota og aksjeoppgåva<br>3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. november 2017 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.<br>**AVSLUTTA** |
| 37/17 | Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 26. september 2017 | 29/09 | | Vedtak:<br>1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte<br>a. FR Innkjøp (Sjå vedlegg 1a)<br><br>*Innhenting av dokument er ennå ikkje ferdig. Revisor må ha info om ein del spesifikke kjøp. Det er ifølje revisor ein konstruktiv dialog med innkjøpsavdelinga. Rapport er planlagt sendt til verifisering neste veke. Rapporten er forseinka og vert ferdig i veke 48. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>b. FR Musea i Sogn og Fjordane (Sjå vedlegg 1b)<br><br>*Det er forseinking i arbeidet med dette prosjektet på grunn av situasjonen med å måtte få på plass ny styreleiar i sommar, som har påverka framdrifta av prosjektet. Det kan bli problematisk å rekke planlagt ferdigdato 3. november 2017. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Rapport om omorganisering av kommunerevisjonen<br><br>*Kontrollutvalet mottok rapport om samanslåing av dei tre kommunerevisjonseiningane i Sogn og Fjordane 20. september. Rapporten vart dermed sendt ut som vedlegg til denne saka. Utvalet kom til at kontrollutvalet må legge fram tilråding om val av revisjonsordning til* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *fylkestinget, eventuelt fellesnemnda for samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane til ein Vestlandsregion før fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ta stilling til samanslåinga av revisjonseiningane. Eigarspørsmål vedrørande samanslåing må handsamast av fylkestinget som eigar, og kontrollutvalet tek ikkje del i denne handsaminga. Kontrollsjef førebur eit notat til kontrollutvalet til møtet 21. november om revisjonsordning.*<br>**AVSLUTTA**<br>b. Fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland 21. november.<br><br>*Vi er vertskap for møtet. Leiar og kontrollsjef fekk fullmakt til å utarbeide forslag til opplegg for fellesmøtet. Møtet vert på fylkeshuset, Hermansverk.*<br>**AVSLUTTA**<br>c. Fagsamling for dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet 15. – 16. januar 2018<br><br>*Kontrollutvalet ga si tilslutning til program og opplegg for samlinga.*<br>**AVSLUTTA**<br>*d.* Leige av tannlegekontor i Askvoll.<br><br>*Kontrollutvalet har motteke spørsmål om prosessen for leige av nye tannlegekontor i Askvoll er gjort i samsvar med lovverket. Kontrollutvalet ba kontrollsjef om å gjere dei undersøkingar som er naudsynte for å få klarheit i dette.*<br>**AVSLUTTA** |
| 40/17 | FR – Bestilling av nytt prosjekt 26.09.17 | 26/09 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet prioriterer forvaltningsrevisjon – Karriererettleiing i vidaregåande skule som neste prosjekt. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Leiar i utvalet får, i samråd med kontrollsjef, fullmakt til å justere bestillinga i høve til det som kom fram i møtet.<br>3. Kontrollutvalet ber om at bestillinga vert sendt til Deloitte AS.<br>**AVSLUTTA** |
| 43/17 | Skriv, meldingar og orienteringar 21.11.17 | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Orienteringar etter møte i representantskap og gen.fors hausten 2017<br>a. Trivselshagen IKS v/Karoline Bjerkeset<br><br>Karoline orienterte om status i Trivselshagen. Reklamasjonssaken ikkje ferdig. Kostnadane for leigetakarane i Trivselshagen vil auke. Orienteringa vart teken til vitande.<br><br>b. SF revisjon IKS v/Frank Willy Djuvik<br><br>Fusjonen var hovudtema. Spørsmålet er eigarform vart diskutert. To av selskapa er organisert som § 27 og eit som IKS. Representantskapet ynskte IKS-modellen, men konkluderte med at samanslåing er viktigare enn val av organisasjonsmodell. Orienteringa vart teken til vitande.<br><br>c. Orientering om HAFS Utvikling v/KU-leiar og styreleiar i Lutelandet Utvikling Arve Helle<br><br>Arve Helle orienterte om status for HAFS Utvikling. Sogn og Fjordane fylkeskommune har eigarskap i selskapet via eigarskapen i Lutelandet Utvikling. Fylkeskommunen har utøvd eigarskapen på ein god måte.<br><br>Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande, og vil ikkje i denne omgang føreta seg noko meir i saka.<br><br>2. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte<br>a. FR Innkjøp |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Høyringssvaret er mottatt av Deloitte AS. Det er avdekka ein del avvik. Det er ikkje berre uvesentlege avvik. Det er avdekka brot på regelverket i samband med enkelte innkjøp. Rapporten vert ferdig i starten av neste veke.<br><br>**Vedtak:**<br>Kontrollutvalet vil handsame rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp i eit kontrollutvalsmøte 13. desember kl. 10.00.<br><br>b. FR Musea i Sogn og Fjordane<br><br>Den er ikkje sendt til høyring ennå. Den blir sendt ut no i desse dagar. Den vil bli levert på nyåret.<br><br>3. Status finansiell revisjon v/SF revisjon IKS<br><br>Marianne orienterer om status finansiell revisjon. Orienteringa var i forhold til planen som var orientert om tidlegare i haust. Orienteringa er teken til vitande.<br><br>4. Orientering om seminaret "Kraft i Vest 2017" - Klaus Iversen<br><br>Klaus orienterte om seminaret. Orienteringa vart teken til vitande.<br><br>5. Leige av lokale til tannlegekontor i Askvoll<br><br>Kontrollsjefen hadde fått utarbeidd ei juridisk vurdering av prosessen for leige av tannlegekontor i Askvoll på bakgrunn av vedtak i KU-sak 37/17. Konklusjonen i den juridiske vurderinga er at grunngjevinga for kvifor ein meiner at kontrakten er unnateke frå kunngjeringsplikta er oppfylt for dette leigeforholdet. Konklusjonen gjev ikkje grunnlag for ytterlegare handlingar frå kontrollutvalet si side.<br><br>6. Status VIGO<br><br>Orientert om status. Prosjektplaner |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | forseinka. Planen vert etter vedlagt informasjon handsama 25. november av kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune. Orienteringa vart teken til vitande.<br><br>7. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Solfrid Fossberg valt til nytt 2. varamedlem i KU<br>b. KU-konferansen 7. – 8. februar 2018. Påmelding til kontrollsjef innan 13. desember.<br>c. Bestilling av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt vart diskutert. Utvalet ba kontrollsjef om å utarbeide bestilling til neste møte.<br>Budsjett kontrollutvalet 2017. Leiar i utvalet i samråd med kontrollsjef fekk fullmakt til omfordeling av budsjettmidlar innanfor ansvarsområde 110. |
| 44/17 | Selskapskontroll 2017 – Overordna eigarstyring - rapport | 21/11 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår Ft til å gjere slikt vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av eigaroppfølginga til fylkeskommunen vert teken til vitande.<br>Fylkestinget handsama saka 5. des. og vedtok samrøystes KU si tilråding. |
| 45/17 | Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane -val av revisjonsordning | 21/11 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår FT til å gjere slikt vedtak:<br><br>1. Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.<br>Fylkestinget handsama saka 5. des. og vedtok samrøystes KU si tilråding. |
| 46/17 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – oppfølging av vedtak i FT-sak 12/16 | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 25. oktober 2017 til orientering<br>2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 3 og 4 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt<br>3. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt. |
| 47/17 | Revisorbrev 2017 – svar frå fylkesrådmannen | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek svarbrev frå fylkesrådmannen til revisorbrev 04-2017 til vitande.<br>2. Vidare oppfølging av det som er påpeikt i brevet vert gjort i samband med interims- og årsoppgjersrevisjonen 2017. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 3. Oppfølging av revisorbrev 04-2017 er fullført. |
| 48/17 | FR – Utdannings- og yrkesrådgiving i vgs - prosjektplan | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Prosjektplanen vert godkjend slik den ligg føre.<br>2. Kontrollutvalet ber revisor om å endre metode frå spørjeundersøking til fokusgruppeintervju (pkt. 3.3 i prosjektplanen) for å få elevane sine synspunkt knytt til utdannings- og yrkesrådgjevinga i vidaregåande skule<br>3. Kontrollutvalet forventar rapport innan 23. mai 2018 |
| 49/17 | Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2017 – SF rev | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Vedlagde uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS vert teken til vitande. |
| 50/17 | Oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit 2017 – Deloitte | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Vedlagde uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i Deloitte AS vert teken til vitande. |
| 51/17 | Møteplan KU 2018 | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Møteplan for kontrollutvalet 2018:<br>Tysdag 20. februar<br>Tysdag 3. april<br>Tysdag 22. mai (blir vurdert gjennomført som telefonmøte)<br>Mandag 4. juni<br>Tysdag 28. august<br>Tysdag 25. september<br>Tysdag 20. november |
| 52/17 | Oppfølgingsliste 6 – 2017 | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 6-2017 vert teken til vitande |
| 53/17 | Rolla til kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar ved samanslåing – arbeidsmøte 2 | 21/11 | | Vedtak:<br>Det vart ikkje gjort vedtak i saka |
| 54/17 | FR – Nasjonal digital læringsarena – Rapport NDLA II | 21/11 | | Vedtak:<br>1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.<br>2. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.<br>Fylkestinget handsama saka 5. desember og vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet samrøystes. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

Oppdatert 11. desember 2017